



Sakshandsamar: Torunn G. Hønsi
Telefon: 57 64 31 43
E-post: torunn.honsi@fylkesmannen.no

Vår dato
08.07.11

Vår referanse
2011/2771
Rapportnummer

Sunde Resirk AS avd. Kaupanger
Postboks 193
6882 ØVRE ÅRDAL

Informasjon om verksemda

Namn på verksemda: Sunde Resirk AS	Organisasjonsnr. (bedriftsnr.): 972220248 Eigd av (foretaksnr.): 995772604
Stad og kommune: Kaupanger Industriområde, Sogndal kommune	Kontrolldato: 10.06.11
Postadresse: Postboks 193, 6882 Øvre Årdal	Anleggsnr. (internt nr.): 1432.0003.02
	<input type="checkbox"/> ISO 14001-sertifisert <input type="checkbox"/> EMAS-registrert

Informasjon om kontrollen

Kontaktperson i verksemda: / tlf. / epost: Jens Vidar Sunde, Rolf Bentås, Hans Arne Vikheim	Frå miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen: Torunn G. Hønsi og Gøsta Hagenlund
Desse hovudtema vart kontrollert: <input checked="" type="checkbox"/> Internkontroll (ytre miljø) <input checked="" type="checkbox"/> Miljørisikovurdering <input checked="" type="checkbox"/> Utslepp til luft eller vatn <input checked="" type="checkbox"/> Støy <input checked="" type="checkbox"/> Løyvet med vilkår <input checked="" type="checkbox"/> Forskriftskrav <input checked="" type="checkbox"/> Miljøsanering av kasserte køyretøy	<input checked="" type="checkbox"/> Forsøpling og ureining til omgjevnader <input checked="" type="checkbox"/> Fast dekke og oljeavskillar <input type="checkbox"/> Avfallshandtering ordinært avfall <input checked="" type="checkbox"/> Handtering av farleg avfall (merking, emballering, mellomlagring, levering) <input type="checkbox"/> Handtering og bruk av kjemikalier <input type="checkbox"/> Datablad
Bakgrunn for kontrollen: <input checked="" type="checkbox"/> Kontrollaksjon	

Hovudfunn frå kontrollen

Det vart påvist **3** avvik og gitt ingen merknader. Avvika er nærare omtalt frå side 3 i dette skrevet.

Rapporten vert vurdert som endeleg dersom vi ikkje får attendemelding om faktiske feil eller mistydingar innan 2 veker atter at rapporten er motteke. Fylkesmannen vedtek med dette at verksemda skal betale eit **kontrollgebyr på kr. 4400,-** for kontrollen. Innbetalingsblankett vert sendt frå Klima- og forurensningsdirektoratet (Klif) etter klagefristen har gått ut. De har frist til **20.08.11**, for å gje skriftleg tilbakemelding og sende inn dokumentasjon på kva tiltak de har sett i verk for å lukke avvik omtalt i rapporten.

Vi takkar elles for ei grei gjennomgang hjå verksemda.

Med helsing

Gunn Helen Henne
overingeniør

Torunn G. Hønsi
overingeniør

Dokument som vert sendt elektronisk er godkjent og signert elektronisk av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Om kontroll frå ureiningstilsynet

Rapporten er utarbeidd etter kontroll ved **Sunde Resirk AS, den 10.06.11.**

Kontrollen vart gjennomført som ein lekk i ein landsdekkande kontrollaksjon retta mot biloppsamlingsbransjen. Vi intervjuar sentralt plasserte personar i organisasjonen og granska dokument og gjennomførte verifikasjon av området. Rapporten inneheld omtale av kontrollen og dei avvik og merknader som vart avdekt, innanfor dei tema som kontrollaksjonen omhandla. Vi vil gjere merksam på at ikkje alle sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og iverksetje nødvendige tiltak. Miljøvernmyndigheitene kan kome att og kontrollere andre forhold ved verksemda ved eit anna høve.

Definisjonar:

Avvik	Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrolllova, forskrifter til lovene, utsleppsløyve, og verksemda sine egne rutinar som er nødvendige for å stette styresmaktene sine krav.)
Merknad	Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. (Brot på egne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad.)

Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar å rette opp avvika som er omtalt i rapporten så snart som råd. Verksemda må også gå nøye gjennom eventuelle merknader og vurdere kva for tiltak som er aktuelle og nødvendige for å tilfredsstille krav etter HMS-lovgjevningen. Merknader kan gi grunnlag for pålegg.

For å kunne kontrollere at avvika er retta opp, ber vi om at verksemda skriftleg melder attende at tilhøve er kome i orden, og at ein gjer greie for dei gjennomførte eller planlagde tiltaka innan 20.08.11. Fylkesmannen ventar at verksemda legg ved dokumentasjon på gjennomførte tiltak, t.d. bilete, kopi av deklarasjonsskjema, kopi av rutinar for handtering av farleg avfall, prøvetaking o.a.

Viktige miljøkrav til biloppsamlingsplassar

1. Bilvrak skal miljøsanerast og ei lang liste med komponentar og væsker skal fjernast frå bilvraket for å unngå ureining av miljøet og for å kunne attvinnast.
2. Plikt til å hindre ureining av miljøet frå sin aktivitet. Ein skal unngå væskelekkasje, og bilvrak og bildelar med risiko for lekkasje skal lagrast og handterast på fast dekke. Avrenning frå fast dekke skal gå til lukka tank eller via rett dimensjonert oljeavskiljar. Området skal vera inngjerda og avstengt, ein skal unngå forsøpling. Støyande aktivitet skal avgrensast til normal arbeidstid, om ikkje anna er tillat.
3. Farleg avfall skal handterast forsvarleg og i tråd med *Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall* (avfallsforskrifta) kapittel 11. I tillegg er det regelverk knytt til bestemte typar farleg avfall.

Vi gjer merksam på at ei fullstendig oversikt over miljøoverket verksemda må drive etter kan ein finne på www.lovdata.no eller vist til frå www.klif.no (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn ein på nettstaden www.regelhjelp.no.

Vedtak om gebyr for kontroll

Verksemder skal betale gebyr for kontroll frå Fylkesmannen, jf. forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta) § 39-3. Gebyret skal dekkje kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll hjå verksemder med utsleppsløyve er fastsett i ureiningsforskrifta § 39-6. Det vart informert muntleg om gebyret under tilsynet og skriftleg i varselbrevet frå Klif som vart sendt bransjeorganisasjonane i forkant av aksjonen.

Fylkesmannen vedtek med dette at Sunde Resirk AS skal betale eit gebyr på kr. 4400,- (sats 4) for den gjennomførte kontrollen.

Faktura med innbetalingsblankett vert ettersendt frå Klif. Gebyret må betalast innan 30 dagar etter fakturadato. Vedtaket om gebyr kan påklagast til Klif, jf. § 28 i forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker etter at vedtaket gjeld. Ev. klage bør vere skriftleg grunngjeven og den skal sendast via Fylkesmannen som vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til klageorganet for endeleg vedtak. Ein ev. klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og det gebyret som er fastsett ovafor må betalast inn. Dersom klageorganet tek klagen til følgje, blir for mykje innbetalt beløp refundert.

Offentlegheit av rapport

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

Avvik Biloppsamlingsaksjon 2011

Avviksformuleringar av funn ved Sunde Resirk den 10.06.11

(nummer på avvik i underpunkt viser til interne rapporteringsnr. vi brukar ovanfor Klif, for å lettare kunne samanfatte resultat for heile landet):

Avvik 1: Verksemda manglar fast dekke på stader med fare for lekkasje og har ikkje tilfredsstillande kontroll med oljeutskiljar

Avvik frå: Avfallsforskrifta § 4–7 vedlegg 1, internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd punkt 6 (tiltak for å redusere risiko) og internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd punkt 7 (rutinar for å førebyggje lovbrøt), Løyvet av 17.06.2004, punkt 1.3, 2.2, 3.3

Avvik nr.

3A) Fast dekke manglar på vesentlege stader

Verksemda har til no berre hatt fast støypedekke under tømmecontainaren der miljøsaneringa føregår. Usanerte bilar har i vinter stått lagra i høgden i område med asfalt og grusdekke, noko

som har ført til noko ureining av grunnen. Desse var no sanert og fjerna. Verksemda har ikkje varsla fylkesmannen om dette forholdet. Verksemda dreiv på med opprydningsarbeid og hadde ordna opp i forholdet på tilsynsdagen. Oljetilgrisa sand og grus har blitt levert til Lindum, og blitt erstatta med nytt dreneringslag. Verksemda vil no støype dekke med fall mot oljeavskiljar der usanerte bilar skal stå parkert i framtida.

3B) Fast dekke er dårleg utført nokre stader

Verksemda har store områder med asfalt som ikkje er å rekne som fast og ugjennomtrengjeleg dekke. Det er viktig at det er armert betong på områder som vert køyrt på med tungt rullande materiell, for å unngå sår og sprekker i dekket som kan medføre fare for ureining av grunnen. Det viste seg på ein regnfull tilsynsdag at delar av området hadde feil helling i forhold til sluk. Fare for avrenning ut gjennom port og nedover veg er tilstades. Når verksemda no driv og gjer endringar i toppdekket sitt, bør det også vurderast om hellinga mot oljeutskiljaren er god nok.

4B) Rutinar for drift av oljeutskiljar er ikkje tilfredsstillande

Det er ikke etablert noko rutine for periodisk kontroll av oljelagets tjukkelse eller som sikrar at oljeavskiljaren vert tømd minst 1 x pr. år. Manglande rutinar har ført til at oljeutskiljar ikkje vart tømd i 2010, siste gong den vart tømt var 05.02.09.

4C) Utslippskontroll med reinsa avløpsvatn frå oljeutskiljar er ikkje tilfredsstillande

Verksemda har ikkje laga nokon rutine for prøvetaking eller nokon gong teke prøvar av avløpet frå oljeutskiljaren. Oljeutskiljar og sandfang skal fungere, drivast og haldast vedlike i samsvar med rensetekniske funksjonskravet på maks innhald av olje på 50 mg/l som er satt til same type reinseanlegg regulert i § 15-7 i ureiningsforskrifta kapittel 15 om utslepp av oljehaldig avløpsvatn. Dette kravet skal følgast sjølv om avløpsvatnet går inn på kommunalt avløpsnett.

Avvik 2: Verksemda si handtering av farleg avfall har manglar

Avvik frå: Avfallsforskrifta § 11-5 (lagring), § 11-8 (levering) og § 11-12 (deklarering), løyvet av 17.06.04 punkt 6.

Avvik nr.

5B) Mellomlagring av farleg avfall er ikkje tilfredsstillande

Verksemda lagrar alt farleg avfall under tak i godkjente behaldarar. Avfallet er merka på vegg/tak medan emballasjen ikkje er merka med innhald eller avfallskode.

5C) Farleg avfall leverast ikkje alltid til godkjent mottakar for farleg avfall til rett tid

Oljeutskiljar og bremsevæske/kjølevæske vart ikkje levert i 2010, og har stått mellomagra meir enn 12 mnd. Verksemda har avdeling både på Kaupanger og i Årdal, med same eigar og med same organisasjonsnr. Desse avdelingane samkøyrer ein del av farleg avfall (td. batteri) for å få rimlegare samla transport. Dette kan verksemda fortsette med dersom det vert laga ein skriftleg avtale mellom avdelingane om dette i tråd med internkontrollforskrifta § 5. andre ledd punkt 7. Verksemda lyt sikre seg at farleg avfall som oppstår på avd. på Kaupanger ikkje vert ståande der til det nærmar seg eit år og så vert flytt til Årdal der det vert ståande utover 1 år. Kravet er at alle farleg avfallsfraksjonar over 1 kg. skal leverast minst 1 gong årleg.

Avvik 3: Verksemda har ikkje ein internkontroll som er tilfredsstillande

Avvik frå: Internkontrollforskrifta § 5, 2.ledd punkt 2 (arbeidstakarar skal ha tilstrekkeleg kunnskap), punkt 6 (vurdere risiko)

Avvik nr.**7A) Det er ikkje utarbeida ein skriftleg miljørisikoanalyse for biloppsamlingsplassen**

Verksemda hadde ikkje hatt ei miljørisikovurdering av aktiviteten sin. No er Indre Sogn BHT i gang med å utarbeide ei risikovurdering for verksemda. Fylkesmannen påpeiker at ei fullverdig helse-, sikkerheits- og miljørisikovurdering må innehalde vurderingar av forhold som kan medføre ureining av ytre miljø. T.d om miljøsaneringa vert utført forsvarleg, om det er fare for ureining frå lagra bilar, verkar fast dekke og oljeutskiljar etter føremålet, kan farleg avfall kome på avvege eller handsamast feil, om avvik vert avvikshandtert og lukka for å unngå at dei gjentek seg osv.

7D) Internkontroll er ikkje tilgjengeleg på eit språk som alle arbeidstakarar beherskar

Verksemda har ein polsk arbeidar som miljøsanerer bilane hjå Sunde Resirk, og som ikkje snakkar korkje norsk eller engelsk. Verksemda har ikkje i dag skriftlege rutinar for miljøsanering av bil, handtering av farleg avfall og akutte utslepp/uhell og andre viktige internkontrolldokument på polsk eller eit anna språk han forstår. Dette er ikkje i samsvar med internkontrollforskrifta § 5, andre ledd punkt 2.

Andre forhold:

Verksemda opplyste at dei miljøsanerte 492 bilar i 2010 og gjeldande løyve har ei grense på 500 bilar i året. Ramma for kor mange bilvrak verksemda kan ha innom portane til ei kvar tid vart overskriden i løpet av vinteren/våren 2011. Eksisterande løyve er også eit midlertidig løyve under verksemda sitt anlegg i Årdal. Sunde Resirk avd. Kaupanger bør i etterkant av tilsynet, søkje eige og noko utvida utsleppsløyve for sin aktivitet på Kaupanger industriområde.